



## Årsmelding for Valdres Historielag 2025

Årsmøtet for 2024 var i Øystre Slidre 10. mai 2024 på Rabalen. Det var 9 personar til stades på årsmøtet. Tove Grete Kolstad frå Øystre Slidre historielag informerte om hendingane i området under andre verdskrigen.

Leiar Arne Erik Fønhus leia møtet, referent var Nils Rogn. Årsmeldinga for 2024 vart lesen opp og godkjend. Rekneskapan vart referert av kasserar Tore Hovda.

Nye vedtekter for laget vart samrøystes vedtekne. Etter dette er det no dei lokale historielaga i Valdres som er medlemmar i Valdres Historielag.

Styret dette året har vore: leiar Arne Erik Fønhus, kasserar Tore Hovda, skrivar Toril Grønbrekk. Ingbjørg Moe, Tove Grete Kolstad, Tone Meisdalen og Åse Østgaard Hegen har vore styremedlemmer. Ole Aastad Bråten har vore styremedlem og representert Valdresmusea. Ivar Aars har delvis delteke på styremøta i kraft av å vere leiar av Valdres Bygdebok. Anne Marit Framnes har vore materialforvaltar. Nils Rogn har vore skriftstyrar. Han har hatt med seg Ole Aastad Bråten, Anne Mette Strand og Harald Hvattum i ein redaksjonskomité. Nils har dessutan hatt ansvar for heimesida og Facebook-sida.

Årboka dette året omhandla utvandringa til Amerika og markerte 200-årsjubileet for den første norske utvandringa. Boka vart trykt i eit opplag på 750 eksemplar og har seld bra.

Det har vore åtte styremøte i arbeidsåret. Saman med Valdresmusea hadde vi ei markering av Utvandrarjubileet 1. august. Det var framsyning av teaterstykket Memori Mor di og eit lite arrangement på museet etterpå. Arrangementet var godt besøkt.

Historielaget har eit stort lager av bøker og tidsskrift. I alt ca. 12 000 årbøker og bygdebøker. Bygdebøkene er eigde av Valdres Bygdeboknemnd.

Følgjande har fått midlar frå Kirkevollarven i 2025:

- Lokalhistorisk turhandbok for Vestre Slidre – kr 10 000
- Boka om brøtningsdammar – kr 15 000
- Valdresspelet i Vang – kr 40 000
- Memori Mor di, teaterframsyning – kr 40 000
- Totalt – kr 105 000

Det har ikkje vore nokre viktige saker etter årsskiftet.

Fagernes. 2. februar 2026

Arne Erik Fønhus Ingbjørg Moe Toril Grønbrekk Tore Hovda Åse Østgaard Hagen

Tove Grete Kolstad Tone Meisdalen